



Slik ligg anlegget utanfor Skorpo

Fiskarlaget Vest har kome med ei uttale i samband med søknaden frå Sjøtroll Havbruk om utviding av anlegget utanfor Skorpo frå 3120 tonn til 4680 tonn biomasse samt utviding i antall ringer.

Fiskarlaget synest det verkar som om kravet om konsekvensutgreiing for større anlegg ikkje blir nytta på søknadar om auka biomasse på lokalitetar der det allereie er anlegg.

Her i området er utvidinga som oftast frå 3120 til 4680 tonn, men det blir aldri vurdert slik at det er behov for konsekvensutgreiing.

Fiskarlaget forutset at endringa ved Skorpo ikkje hindrar bruken av kaste- og låsettingsplassen nordaust for anlegget.

Laget kan ikkje godta at styresmaktene seier at ein har ei berekraftig oppdrettsnæring om ein får kontroll på rømning og leseproblema. Det er og andre tilhøve som må takast med i ei slik vurdering. Det må ikkje førast ein bit for bit-politikk men ein må vurdere kva eit større område tolerer av oppdrett i tillegg til anna utslepp.

Styresmaktene må definere kva som er akseptabel negativ påverknad på

anna næring og då på villfisk, ikkje berre vill laksefisk.
Fiskarlaget held fram at det må kome fram på kommuneplankarta
kva område som verkeleg blir beslaglagt for anna bruk eller næring
av eit oppdrettsanlegg, ikkje berre sjøve anlegget.

Av Ola Matti Mathisen